



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ove Sæbø

Arkivreferanse: 2023/3134-87

Endringar i delegeringsreglementet - kommunal kriseleiing (KKL)

Saksnr.	Organ, utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek følgande endring i delegeringsreglementet pkt. 18 Kommunal kriseleiing. Pkt. 18 c vert stroke:

18.1 Arbeids- og ansvarsområde

Kommunen si kriseleiing, leia av rådmannen, skal koordinera og leia alle kommunale tiltak når krise eller uønska hending oppstår. Samansetnaden går fram av kommunen sin beredskapsplan.

18.2 a)

Rådmannen har fullmakt til å iverksetje kommunen si kriseleiing (KKL), samt fullmakt til å setja i verk naudsynte tiltak for å avverga eller avhjelpa ein krisesituasjon når det er nødvendig å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla det organet som elles skulle ha avgjort saka.

18.2 b)

Rådmannen har fullmakt til å gjera økonomiske disposisjonar, avgrensa til maksimalt 1 million kroner, til det føremål å bringa krisesituasjonen til opphøyr.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast av: Kommunestyret

Saka skal til innstilling i: Formannskapet

Informasjon om bruk av kunstig intelligens

Kunstig intelligens (KI) er brukt som støtte i utarbeidinga av saksframlegget. Bruken av KI er gjort i samsvar med kommunen sine gjeldande retningslinjer. Heile innhaldet i saksframlegget er gjennomgått og kvalitetssikra av sakshandsamar.

Oppsummering

Saka gjeld endringar i delegeringsreglementet punkt 18 om kommunal kriseleiing, som oppfølging av revidert heilskapleg ROS og overordna beredskapsplan.

Rådmannen tilrår at det vert tydeleg slått fast at kommunal kriseleiing vert leia av rådmannen, som òg får fullmakt til å iverksetje kriseleiing og nødvendige tiltak i krisesituasjonar. Vidare tilrår rådmannen at fullmakta til å gjere økonomiske disposisjonar inntil 1 million kroner i krise vert lagd til rådmannen, ikkje til kriseleiinga som organ. Punktet om at ordføraren har avgjerdsmynde ved usemje vert stroke, slik at ansvar og mynde vert samla hjå rådmannen. Endringane skal klargjere roller og ansvar og redusere risiko for usemje og uklarheit i kritiske situasjonar.

Saksopplysningar

Bakgrunn for saka

I samband med revisjon av heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (HROS, vedteken i kommunestyret juni 2026) og påfølgande revisjon av overordna beredskapsplan, er det behov for å gjere vurderingar knytt til mynde og kommunal kriseleiing (KKL).

I delegeringsreglementet pkt. 18 A) og C) står følgande:

A) Ordføraren og rådmannen (saman eller kvar for seg) har fullmakt til å setja i verk kommunen sin beredskapsplan, eller delar av denne. Dei har òg fullmakt til setja i verk naudsynte tiltak for å avverga eller avhjelpa ein krisesituasjon, når det er nødvendig å treffa eit vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla det organet som skulle ha avgjort saka.

Rådmannen vil peike på at det bør vere rådmannen som har fullmakt til å iverksetje KKL, samt iversetje kommunen sin beredskapsplan. Dette vil i fortsetjinga også innebære å iverksetje naudsynte tiltak for å avverge og avhjelpe ein krisesituasjon.

B) Kommunen si kriseleiing har fullmakt til å gjera økonomiske disposisjonar, avgrensa til maksimalt 1 millionar kroner, til det føremål å bringa krisesituasjonen til opphøyr.

Rådmannen vil peike på at det ikkje er KKL som organ som bør ha fullmakt til å gjere økonomiske disposisjonar, men at dette ansvaret ligg til rådmannen.

C) Ved usemje er det ordføraren som har avgjerdsmynde etter punkt a og b ovanfor.

Rådmannen vil også her vise til at det bør vere rådmannen som har fullmakt, og at det ikkje vert lagt til rette for ei mogleg usemje. Det bør vere klar og tydeleg ansvarsforståing.

Det er formannskapet som er delegert ansvar for å føre tilsyn og samordne kommunen sitt beredskapsarbeid, medan kommunestyret sjølv må gjere eventuelle endringar i delegeringsreglementet.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar

Rådmannen har i revisjonsarbeidet med HROS og overordna beredskapsplan vurdert at det er grunnlag for å gjere endringar i delegeringsreglementet pkt. 18 a, b og c.

Det er rådmannen som har ansvar for å leie administrasjonen under normal dagleg drift. I delegeringsreglementet står det at «*Ordføraren og rådmannen (saman eller kvar for seg) har fullmakt til å setja i verk kommunen sin beredskapsplan, eller delar av denne*».

I delegeringsreglementet er det opna for at både rådmann og ordførar kan «*...setja i verk naudsynte tiltak for å avverga eller avhjelpa ein krisesituasjon...*». Det er ikkje spesifikt omtala kven som tar avgjersle om å iverksetje kommunal kriseleiing (KKL, eller det som også vert omtala som krisestab).

Det er også mogleg å setje i verk kommunen sin beredskapsplan *utan* å setje kommunal kriseleiing.

Kriseleiing er først og fremst eit administrativt verkemiddel for å sikre drift av tenester, ressursdisponering og bemanning i ein situasjon kor ordinær organisering ikkje er tilstrekkeleg. Rådmannen har det daglege ansvaret for organisering og leiing av administrasjonen, samt å sikre at kommunen oppfyller beredskapsplikta. Å aktivere kriseleiing inneber ofte raske, praktiske avgjerder om intern organisering, bruk av ressursar og aktivering av planar – typiske administrative beslutningar.

Vurderingar og konsekvensar

Vurderingar

Det er grunnlag for å vurdere rollene rådmannen og ordføraren har i samband med KKL. Det eine gjeld etablering av KKL, det andre gjeld å beslutte naudsynte tiltak i ein krisesituasjon. Rådmannen har organisert administrasjonen og kommunal kriseleiing på eit vis som gjer at desse i hovudsak er likelydande. Det gjer at roller, ansvar og samarbeidsmønster er kjent for dei som skal ta del.

Det kan vere gode grunnar til at ein skal vere tilbakehalden med å setje kommunal kriseleiing. Det kan til dømes oppstå usemje mellom rådmann og ordførar dersom ordførar besluttar at rådmannen skal organisere og drive kommunal kriseleiing, medan rådmannen si vurdering er at dette ikkje bør gjerast.

Rådmannen og ordføraren har ulike føresetnader for å ta slik avgjersle. Rådmannen vil beslutte med utgangspunkt i det ansvaret som er gjennomgåande og pågår over tid, medan ordførar ikkje vil ha den same nærleiken gjennom si rolle.

Å beslutte kommunal kriseleiing er såleis ikkje berre ein beslutning om å setje kriseleiing, men også påfølgande endringar og tilsidesetjing av ordinær organisering, oppfølging, samt å

beslutte tidspunkt for å gå tilbake til normal drift. Når ein tek avgjersle om kommunal kriseleiing bør ein samstundes også ha føresetnader om å vurdere kva følger det får for vidare leiing og ressursbruk. Rådmannen si rolle er å vere øvste faglege ansvarlege for fleire samanfallande område, inkludert beredskapsarbeidet.

Ordføraren si rolle er heilt sentral i kriseleiinga gjennom å vere politisk leiar. Han/ho er ansvarleg for kontakten med politisk nivå dersom det er behov, og er sentral i vurderingar, strategiske avklaringar og overordna prioriteringar. Ordførar er hovudperson i kommunikasjonen utad (ekstern) til media, innbyggjarar og liknande. Som ordførar er rolla sentral som fast medlem i kriseleiinga, men utan å vere den som formelt «trykkjer på knappen» for å aktivere staben.

Konsekvensar

Rådmannen si vurdering er at det vesentleg å tydeleggjere roller og ansvar i beredskapsarbeidet. Ved at både rådmann og ordførar har fullmakt til å iverksetje KKL kan det føre til uklare forhold knytt til vidare arbeid og prosessen KKL skal gjennom. Det kan verte ein uheldig situasjon dersom rådmannen vel å ikkje iverksetje KKL, medan ordførar likevel besluttar å iverksetje. Rådmannen leier KKL – uavhengig av kven som iverkset.

Konklusjon og rådmannen si tilråding

Rådmannen tilrår følgjande endringar delegeringsreglementet – 18 Kommunal kriseleiing:

Noverande delegeringsreglement:	Framlegg om endring til:
18.1 Arbeids- og ansvarsområde Kommunen si kriseleiing skal koordinera og leia alle kommunale tiltak som oppstår når krise/uønska hending skjer. Samansetnaden av kriseleiinga går fram av kommunen sin beredskapsplan.	18.1 Arbeids- og ansvarsområde Kommunen si kriseleiing, leia av rådmannen, skal koordinera og leia alle kommunale tiltak når krise eller uønska hending oppstår. Samansetnaden går fram av kommunen sin beredskapsplan.
18.2 a) Ordføraren og rådmannen (saman eller kvar for seg) har fullmakt til å setja i verk kommunen sin beredskapsplan, eller delar av denne. Dei har òg fullmakt til setja i verk naudsynte tiltak for å avverga eller avhjelpa ein krisesituasjon, når det er nødvendig å treffa eit vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla det organet som skulle ha avgjort saka.	18.2 a) Rådmannen har fullmakt til å iverksetje kommunen si kriseleiing (KKL), samt fullmakt til å setja i verk naudsynte tiltak for å avverga eller avhjelpa ein krisesituasjon når det er nødvendig å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla det organet som elles skulle ha avgjort saka.
18.2 b) Kommunen si kriseleiing har fullmakt til å gjera økonomiske disposisjonar, avgrensa til maksimalt 1 millionar kroner, til det	18.2 b) Rådmannen har fullmakt til å gjera økonomiske disposisjonar, avgrensa til maksimalt 1 millionar kroner, til det

føremål å bringa krisesituasjonen til opphøyr.	føremål å bringa krisesituasjonen til opphøyr.
18.2 c) Ved usemje er det ordføraren som har avgjerdsmynde etter punkt a og b ovanfor.	18.2 c) <i>Dette punktet går ut.</i>